

Søknad om fritak for SFO-betaling for barn med nedsett funksjonsevne på 5.-7. trinn

SFO-BETALING: Foreldre til barn med nedsett funksjonsevne har sendt søknad til kommunen om fritak frå foreldrebetaling for SFO på 5.-7. klassetrinn. Kommunen tilbyr i dag SFO for alle barn på 1.-4. trinn, og for barn med nedsett funksjonsevne også på 5.-7. trinn - og foreldrebetalinga er 3000 kroner for alle. I brevet vert det peika på at denne særavgifta for foreldre med barn med nedsett funksjonsevne vil koma på ca 100.000 kroner per barn i desse tre åra. Dette er ein meirkostnad foreldra til barn i 5.-7. trinn føler er sterkt urettferdig. Dei viser til at foreldre med funksjonsfriske barn ikkje vil ha denne kostnaden. Dei søker difor om fritak for foreldrebetaling for SFO på 5.-7. trinn for barn med nedsett funksjonsevne frå komande skuleår.

Etter drøfting i rådet vart det sett fram følgjande framlegg:

Rådet oppmodar kommunen om å innvilga søknaden om fritak for foreldrebetaling i SFO for barn med nedsett funksjonsevne i 5.-7. trinn. På generelt grunnlag meiner rådet at det ikkje skal krevjast foreldrebetaling for SFO-tilbod til barn med nedsett funksjonsevne på 5.-7. trinn.

Rådet slutta samrøystes opp om framlegget sett fram i møtet.